

SAK 03/25 MANDAT FOR UTGREIING AV FELLES LEGEVAKT I HALLINGDAL**Saksopplysning:**

Korleis skal Hallingdal samarbeide om legevakt har vore diskusjonstema i mange kommunar over lang tid. Avtaler er sagt opp, nye samarbeid er forsøkt sett i gong og endringar har vorte sett i verk. Etter eit politisk initiativ frå Gol i sommar, om å få til ei vurdering av ei meir framtidsretta og berekraftig legevaktsløyising knytt til Sjukestugu på Ål, kan det no sjå ut som om dei fleste kommunane ønskjer ei utgreiing av dette velkommen. Mandatet til dette arbeidet var oppe til behandling i Regionrådet 29. nov. 2024 og i sak 74/24 vart det fatta slikt vedtak:

«Regionrådet sender «Mandat for framtidsretta legevaktsamarbeid i Hallingdal» tilbake til KRU slik at det kan få ei betre forankring i kommunane og at ein ev. kan foreslå justeringar. Saka kjem attende til Regionrådet i januarmøte.»

I denne saka skal Regionrådet behandle eit justert forslag til «Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal» (Sjå vedlegg) Justeringane er gjort i Kommunedirektørutvalet. Mandatet skal gje svar på korleis ein skal få til eit godt og langsiktig legevaktsamarbeid mellom kommunane i Hallingdal, med base på Hallingdal sjukestugu.

Vurdering:

Når ein skal få til ei god og langsiktig legevaktsløyising for Hallingdal, er utgangpunktet at alle kommunar i dalen bli inviterte til å delta i vurderingane og i eit ev. samarbeid. Slik det ser ut no er Flå kommune nøgd med si løyising og deltek derfor ikkje i denne utgreiinga.

Utgangpunktet no er eit anna enn det som har vore tidlegare ved at lokalisering ved Hallingdal sjukestugu er gitt. Utgreiinga må likevel gi svar på om ein skal gå for felles legevakt heile døgnet, berre på natta eller kveld og natt. Vidare må ein avdekke spesielle behov og ønskjer og kartlegge sambruksløyisingar ved ei lokalisering på sjukestugu.

Utkastet til mandat har foreslått både namn på personar, organisering og gjennomføring av utgreiingsarbeidet. Det bli også jobba med ulike namn som kan vera aktuelle som prosjektleiar. Arbeidet og prosessen må uansett har god forankring og brei deltaking i dei kommunane som deltek.

Forslag til vedtak:

Regionrådet vedtek «Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal» med dei justeringane som kom fram i møte

Hallingdal, 21. januar 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal - Utkast

Vedlegg 1

Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal - Utkast

Kommunane i Hallingdal har i fleire år hatt ulike variantar av samarbeid omkring legevakt. Det har også vore drøfta endringar når det gjeld samarbeidspartar, lokalisering, organisering og økonomi. No er det teke politisk initiativ til eit samarbeid om ei langsiktig og framtidsretta legevaktsordning knytt til Sjukestugu på Ål. Hallingdal har behov for ei effektiv og samordna legevaktteneste for å sikre innbyggjarane rask og kompetent helsehjelp. Dette mandatet gir rammene for ei utgreiing av ei felles legevakt.

1. Mål

Formålet med utgreiinga er å finne ut korleis kommunane i Hallingdal kan samarbeide for å utvikle ein betre, meir effektiv og framtidsretta legevaktsordning knytt til Sjukestugu på Ål, til beste for innbyggjarane og tilreisande. Ved å ta utgangspunkt i ei samlokalisering skal sambruk, synergjar og potensiale for meireffektar vera ein del av vurderingane.

2. Deltakarar

Kommunane Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol deltek i utgreiinga.

Kommunane som deltek er einige om å utgreie ulike modellar for interkommunal legevakt.

3. Roller og ansvar

Prosjekteigar PE:	Regionrådet for Hallingdal
Styringsgruppe PG:	Kommunedirektørutvalet i Hallingdal
Prosjektansvarleg PA:	Leiar av KRU
Prosjektleder PL:	Blir utpeikt av SG
Prosjektgruppe PG:	PL, 2 kommunalsjefar, 2 kommuneoverlegar, 1 representant frå vestre Viken HF, 1 tillitsvalt
Arbeidsgrupper:	Blir oppretta ved behov for å utgreie spesifikke områder som økonomi, logistikk, bemanning og teknologi.
Referansegruppe:	PL kallar inn ved behov. KOLF, HOF og brukarorganisasjonar kan vera aktuelle

4. Tidslinje

Oppstart:	Februar 2025
Kartlegging og analyse:	Mars - mai 2025
Utvikling av forslag:	Juni - september 2025
Høyring og justering:	September - oktober 2025
Endeleg rapport:	November 2025

Milepelar:

Mars 2025:	Fullført kartlegging av dagens situasjon.
Juni 2025:	Ferdige forslag til modellar for felles legevakt.
September 2025:	Gjennomført høyring med relevante interessentar.
November 2025:	Levert endeleg rapport til styringsgruppa.

5. Leveranse

Kartlegge dagens legevakttenester og identifisere forbedringsområder.

Vurdere ulike modellar for ei felles legevakt og tilrå løysning.

Utarbeide ein detaljert plan for implementering av den tilrådde løysninga, inkludert økonomiske og organisatoriske konsekvensar.

Prosjektgruppa skal:

1. Utarbeide forslag til to modellar for ei interkommunal legevaktsordning lokalisert ved sjukestugu:
 - Utreie moglegheiter og avgrensingar knytt til ei interkommunal døglegevakt
 - Utreie moglegheiter og avgrensingar knytt til ei interkommunal kveld/helg/natt legevakt.Modellane skal vurderast ut frå kost/nytte, økonomi, rekruttering, tilgang på kompetanse, vaktbelastning, kvalitet, avstand og ev andre kriteria - sett opp mot dagens organisering.
2. Skissere gevinstar- og konsekvensar av sambruk med Hallingdal Sjukestugu, inkludert røntgen/CT, laboratorium, telemedisin, ambulansetenesta og anna
3. Gjera seg kjent med og ta i bruk dei siste nasjonale føringane.
4. Vurdere korleis videokonsultasjon kan vera eit hjelpemiddel for å redusere reisetid, få ned tidsbruk og mogleggjera akutt dagtilbod i alle kommunane.
5. Avdekke kva tilpassing som må gjerast der kommunane har ulike behov.
6. Koma med ei tilråding til ei felles interkommunal legevaktsordning innan 31.oktober 2025